

Vedtekter for Vest-Telemark Kraftlag AS

(VEDTEKNE I GENERALFORSAMLING 22.06.2010 / GJELD FRÅ 01.01.2011)

§1 Firma

Selskapets firmanamn er Vest-Telemark Kraftlag AS

§2 Forretningskontor

Selskapet sitt forretningskontor er i Høydalsmo, Tokke kommune.

§3 Verksemd

Selskapets verksemd er:

- utbygging og drift av energiforsyningsnett
- utbygging og drift av produksjonsanlegg for energi
- omsetning av energi
- installasjonsverksemd, teletenester o.l
- rådgjeving, konsulentverksemd, tenesteyting og anna verksemd som har tilknytning til dei nemnde føremål.

Desse arbeidsområda kan organiserast som dotterselskap. Selskapet kan også vera deltakar i andre selskap innanfor desse og tilgrensande område.

§4 Aksjekapital

Aksjekapitalen er kr 100.000.000, dela på 100.000 aksjar a kr 1.000.

§5 Styret

Selskapet skal ha 8 styremedlemer. Generalforsamlinga vel 6 medlemer med personlege varamedlemer. Det skal vera 3 kvinner og 3 menn både i styret og blant varamedlemene. Dei tilsette vel 2 styremedlemer med varamedlemer. Alle medlemer/varamedlemer vert valde på same tid for 2 år. Formann og nestformann vert valde av generalforsamlinga for 2 år om gongen.

§6 Generalforsamling

Ordinær generalforsamling skal handsame fylgjande saker:

- godkjenning av årsrekneskap og årsmelding, herunder utdeling av utbytte.
- andre saker som etter loven eller vedtektene høyrer under generalforsamlinga.

Generalforsamlinga skal haldast innom Telemark. Innkalling til ordinær generalforsamling skal vera sendt seinast 3 veker før møtet skal haldast.

§7 Avgrensingar i omsetning av aksjar

Berre norske primærkommunar kan eige aksjar i selskapet. Dette eigarskapet kan vera direkte eller gjennom selskap 100% eigd av norske kommunar.

§8 Krav til samtykke ved omsetning av aksjar

Eit kvart aksjesalg og aksjeervertv krev samtykke frå styret. Sjølv om vilkåra i §7 er oppfylt kan samtykke nektast.

§9 Forkjopsrett

Ved overdraging av aksjar har aksjonærene forkjopsrett i høve til ansiennitet som aksjonær. Forkjopsretten gjeld også for aksjar som har skifta eigar. Alle som var aksjonær ved tidspunktet for overgang til AS har i denne samanheng lik ansiennitet. Utover dette og ved lik ansiennitet gjeld forkjopsreglane i aksjelova.

.....